



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

## **Varsel om tilsyn etter barnehagelova § 19g - om tilrettelagt tilbud til barn med nedsett funksjonsevne – Meland kommune**

Etter barnehagelova § 9 har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit. Etter endring i kap. 9 første ledd, har Fylkesmannen frå 1. august 2017 også heimel til å føre tilsyn med kapittel V A i barnehagelova.

Fylkesmannen vil føre tilsyn med kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, jf. barnehagelova kap. V A § 19 g.

Dette tilsynet har som formål å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket når det gjeld å fatte vedtak etter barnehagelova § 19 g. Vi vil og kontrollere om kommunen har tilstrekkelege rutinar til å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Fylkesmannen vil i dette tilsynet ikkje kontrollere om sjølve gjennomføringa av den individuelle tilrettelegginga oppfyller krava i regelverket.

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet vil bli gjennomført med ein gjennomgang av tilsendt dokumentasjon. Fylkesmannen utarbeider ein førebels rapport etter dokumentgranskinga. Før endeleg rapport blir utarbeidd får kommunen ein førebels rapport som dei kan gje skriftleg motsegn eller kommentarar til.

Fylkesmannen gir deretter kommunen ein rimeleg frist til å rette eventuelle ulovlege tilhøve. Dersom tilhøva ikkje retta opp innan fristen, kan Fylkesmannen vedta pålegg om retting.

Fylkesmannen har og høve til å følgje opp dokumenttilsynet med eit stadleg tilsyn, dersom det er grunn til det.

Tilsynet vert opna gjennom dette brevet. Foreløpig tidsplan er som følgjer:

- 9. februar: Frist for å sende dokumentasjon til Fylkesmannen
- 9. februar– 23. mars: Gransking av tilsendt dokumentasjon
- Veke 12: Utsending av foreløpig tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak
- Veke 15 eller 16: Eventuelt slutt møte for dei kommunane som har tilsyn på området

Fylkesmannen tar atterhald om endringar i planen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentlighetslova § 3. Endeleg tilsynsrapport vil bli publisert på Fylkesmannen sin nettstad.

### **Skriftleg dokumentasjon**

Vi gjer merksam på at det meste av dokumentasjonen som blir etterspurt er unntatt offentlig innsyn. Kommunen må difor syte for at dokumentasjonen blir sendt til Fylkesmannen på ein sikker måte. Vi ber om at følgjande dokumentasjon blir sendt til Fylkesmannen, saman med eit oversyn over dokumenta.:

1. Dei tre siste innmeldingane om behov for tilrettelegging i barnehagen etter § 19 g
2. Dei tre vedtaka som er fatta på bakgrunn av desse innmeldingane
3. Ei kort skriftleg orientering om kommunen sine rutinar og praksis på området, til dømes når det gjeld innmelding av behov, krav om rapportering frå barnehagane om gjennomføring av vedtak m.m.
4. Ei kort skriftleg orientering om korleis kommunen informerer foreldre og barnehagar om rettane etter § 19 g

### **Frist for innsending av dokumentasjon**

Den skriftlege dokumentasjonen må sendast til Fylkesmannen innan 9. februar.

### **Kontaktperson i kommunen**

Vi ber om at det blir oppnemnd ein kontaktperson i kommunen for dette tilsynet, og at vi får tilsendt kontaktinformasjon for denne personen.

### **Ansvarleg for tilsynet hos Fylkesmannen**

Tilsynsleiar Marianne Svege og rådgjevar Line Sperre er ansvarlege for gjennomføringa av tilsynet frå Fylkesmannen. Spørsmål om tilsynet kan rettast til Line Sperre 55 57 20 85 eller Marianne Svege tlf. 55 57 22 55.

Fylkesmannen ser fram til eit godt samarbeid med kommunen ved gjennomføringa av tilsynet.

Med helsing

Hanne Melander  
seniorrådgjevar

Marianne Svege  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*